

Omsorgsbustadane i full breidde neste gong

12.09.2013



Saka om omsorgsbustadane kjem opp i full breidde i neste møte i formannskapet. Dette biletet er frå møtet i dag der Kjell Yri er nummer 2 frå venstre

Ordførar Synnøve Solbakken (Ap) opplyste i formannskapet i dag at ho vil fremja sak om omsorgsbustadane på neste møte og ho lova at alle sider av saka skal klargjerast. Det var Kjell Yri (V) som tok ho opp i samband med avlysinga av anbodskonkurransen. Han meinte at sidan utlysinga vart vedteken av formannskapet er det også berre formannskapet som kan avlysa. Yri ville veta om ordføraren var samd i denne vurderinga,

Rådmannen opplyste at det tok lang tid før den manglande dokumentasjonen vart avdekt, noko som skuldast uklarheiter i innbydelsen, Det var så mange uklarheiter at risikoen ved å gå vidare vart for stor,

Kvinnherad Vekstbedrift har klaga på avgjerda om avlysing. Denne klagen skal rådmannen vurdere. Saka til neste møte vert då avhengig av kva for eit standpunkt rådmannen tek til klagen.

Yri spurde om kommuneleiinga meinte at Uskedalen ikkje var ein høvande stad for denne tenesten. I tilfelle burde dette vore klargjort på eit mykje tidlegare tidspunkt. Rådmannen svarta at han aldri hadde sagt noko om at Uskedalen ikkje var eigna.

Foto: Ola Matti Mathisen